



Kvinnherad sogelag  
Melsvegen 90  
5470 ROSENDAL

Dato: 26.11.2015  
Vår ref.: 2015/143-36  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## Underretting om tildeling av tilskot - Tilskot til sogelag 2015

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot til «Kvinnhersminne årbok».

Hordaland fylkeskommune, utval for kultur, idrett og regional utvikling, handsama søknaden dykkar på møte den 11.11.2015, sak 173/15. Det vart vedteke å tildele dykk **kr 15.000,-** i tilskot.

Samla vart det fordelt 115.000 kroner. I tråd med retningslinene for tilskotsordninga skal midlane nyttast til tiltak som styrker lokalhistorisk arbeid, til dømes publikasjonar i form av artiklar, bøker, innsamling og registrering av foto og arkivmateriale, føredragsverksemd, utstillingar mm.

Det vart handsama 8 søknadar i denne saka.

### Grunngjeving

Føremål for ordninga er å støtte opp om lokalhistoriske initiativ og lokalhistorisk aktivitet i samsvar med Regional plan for kultur 2015 – 2025.

I retningslinene for tilskotsordninga skal midlane nyttast til tiltak som styrker lokalhistorisk arbeid. Det er utfordrande å finne parameter for å måle søkerane i opp mot kvarandre. I tillegg til retningslinene har ein også sett til prioriteringane som ligg i *Premiss: Kultur - Regional kulturplan* og tilhøyrande handlingsplan når ein har vurdert søkerane. I søkerane som no har kome inn, har ein denne gongen vektlagt fotobevaring og formidling av foto, då det er eit mål i *Premiss: Kultur - Regional kulturplan* at den nasjonalt viktige rolla som Bergen og Vestlandet har i fotohistorisk tradisjon og forsking, skal utviklast vidare.

Ein kan søke om maks kr 30.000,-. Alle dei 8 søkerane innfriar retningslinene for tilskotordninga.

### Utbetaling

Tilskotet vil bli utbetalt så snart vi får tilbakemelding om bankkontonummer.

### Rapportering /rekneskap

Tilsegnsmottakar skal varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar knytt til planar og gjennomføring. Rapport med eit enkelt rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga, når tiltaket/prosjektet er avslutta og seinast innan 6 månader etter prosjektslutt. At rapportering er gjennomført vil mellom annan vera eit vesentleg omsyn ved vurderinga av eventuelle seinare søkeradar.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegnet. Tilskotsmottakar plikter å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor opplysningar/dokument som dei finn påkrevd for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

**Brot på vilkåra**

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane førast attende til fylkeskommunen.

Dersom det ligg føre vesentlege brot på vilkåra kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis.  
Midlane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

**Klage/partsinnsyn**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over og årsaka til at det vert klaga.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Anne Aune  
fylkesarkivar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*